

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021

Alfred Bjørlo (V) setter på vegner av V, A, MDG, SP, SV, KRF fram slikt forslag:

«Alternativ

1) Fylkestinget i Vestland ser positivt på at kommunar i fylket etablerer regionråd basert på § 18-1 i kommunelova, eller etter Lov om interkommunale selskap.

2) Fylkestinget er innstilt på å yte eit grunntilskot pr. år til regionråd som blir etablert med nemnde heimel i kommunelova eller Lov om Interkommunale selskap.

For åra 2022 og 2023 kan også regionråd etablert etter §27 i tidlegare kommunelov få tilskot, jmf reglane i ny kommunelov. Frå og med 2024 må desse råda vere omdanna til regionråd heimla i ny kommunelov eller Lov om Interkommunale selskap.

Tilskotet skal gå til drift av regionrådet og legg til grunn at kommunane i regionrådet samla bidreg med minst tilsvarande sum. Grunntilskotet blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan. Første utbetaling vil kunne skje i 2022 til regionråd etablert før 1.november 2021.»

Avrøysting

Bjørlo sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (FNB, U).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3-4 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (FNB, U).

Innstilling til fylkestinget

1) Fylkestinget i Vestland ser positivt på at kommunar i fylket etablerer regionråd basert på § 18-1 i kommunelova, eller etter Lov om interkommunale selskap.

2) Fylkestinget er innstilt på å yte eit grunntilskot pr. år til regionråd som blir etablert med nemnde heimel i kommunelova eller Lov om Interkommunale selskap.

For åra 2022 og 2023 kan også regionråd etablert etter §27 i tidlegare kommunelov få tilskot, jmf reglane i ny kommunelov. Frå og med 2024 må desse råda vere omdanna til regionråd heimla i ny kommunelov eller Lov om Interkommunale selskap.

Tilskotet skal gå til drift av regionrådet og legg til grunn at kommunane i regionrådet samla bidreg med minst tilsvarande sum. Grunntilskotet blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan. Første utbetaling vil kunne skje i 2022 til regionråd etablert før 1.november 2021

3) Fylkestinget er innstilt på å etablere ei eksternt retta tilskotsordning for prosjekt som fell utafor dagens tilskotsordningar. Nyordninga skal vere søknadsbasert og retta mot utviklingsprosjekt av særleg interesse for regionråda. Ordninga bør kunne byggjast opp over tid og storleiken på budsjettposten vil første gong bli vurdert i fylkeskommunen sitt budsjett for 2022.

Tilskotet blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan og fylkesutvalet får fullmakt til å fastsetje nærmere retningsliner for den nye tilskotsordninga og til å tildele midlar frå denne.

Regionråda vil bli bedne om å ta imot søknader til den nye tilskotsordninga og eventuelt prioritere mellom desse. Alle søknader skal vidareformidlast samla frå regionråda til fylkeskommunen.

4) Fylkeskommunen sitt forhold til regionråda skal regulerast i partnarskapsavtaler. Desse bør omtale tilskota nemnde i pkt. 2 og 3 og dei forhold partane elles måtte bli samde om.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å godkjenne partnarskapsavtalene.